

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 11.11.2019  
Vår ref.: 2019/18580-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 19/2118 - 19/15746

## Kulturminnefagleg fråsegn - landbrukssak – gnr. 32, bnr. 4 - Uthella - Landbruksveg - Radøy kommune

Vi viser til Dykkar brev av 30.10.2019 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Uthella i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen og masseuttaket søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*